



Geir Rusten har kjøpt eigedom nummer 3 i Uskedalen (Foto: Ola Matti Mathisen)

Geir Rusten eig no tre eigedomar i Uskedalen.

I tillegg til Uskedalen Brygge

i Beinavikjo og Nausthaugen 2 (tidlegare butikk) har hans selskap Ideal Eigedom kjøpt Sagvåg Invest på Stord.

Dette selskapet eig tomta etter Trelastlageret

på Eikelandet der det har hatt planar om å byggja 8 særprega hus, alle i tre høgder og kvart med ei samla grunnflate på 110 kvadratmeter..

- Eg har ikkje teke standpunkt til kva eg vil med prosjektet, som under Sagvåg Invest har heitt Hardangerfjord Brygge.

Men i løpet av ein

månad vil eg bestemma meg, seier Rusten til uskedalen.no

Rusten har dermed heller ikkje bestemt seg for om han

vil omarbeida prosjektet
eller behalda det slik det er.

- Husa har tydelegvis ikkje vore lette å selgja....
- Nei, dei er neppe attraktive for eldre folk. Men det er grunn til å tru at ungdommen likar dei. Slike hus har slege an andre stader i landet, seier Rusten.

Det er Grung Arkitektur i Bergen som har teikna husa.

Tomta på Eikelandet var eigd av Arild Lillenes før ho gjekk over til Sagvåg Invest.

For 2 år sidan var prosjektet nærmast klart for realisering, det var til og med gjeve løyve til igangsetjing.

Men responsen frå marknaden var for liten.

Husa vart lyst ut til sal for 2,95 millionar

Av Ola Matti Mathisen